



bygd av Vossingar

HANDLINGSPLAN

Berekraftig reisemålsutvikling

Voss herad 2019-2021



Hald deg oppdatert!



VOSS
SPAREBANK



Vekselbanken
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA



Voss Energi



Voss herad

Voss herad

- bygd for sterke opplevingar,
i dag og i framtida!

Bakgrunn

Reiselivsnæringa i Voss herad, i hjartet av fjord-Norge, lev av den vakre naturen me har rundt oss. Natur med ytterpunkt, unik kulturhistorie og eit levande bygdesamfunn me ynskjer å ta vare på, i dag og i framtida, er bakgrunnen for at me ynskjer å gå i samla flokk for ei berekraftig reiselivsutvikling.

Reiselivet skal ta vare på lokal livskvalitet og gje lokal verdiskaping i form av økonomisk levedyktige bedrifter, utan å vere ein kostnad for grunnlaget til næringa - naturen og kulturen sjølv.

Inntektsgrunnlaget for framtidas reiselivsnæring skal baserast på lågare utslepp og høgare lokal verdiskaping.

Målsetnader

Den overordna målsetnaden for prosjektet er å oppnå Merket berekraftig reisemål, og på destinasjonsnivå arbeide målretta og langsiktig for ei berekraftig utvikling av reiselivet.

Me skal gå i samla flokk for ei berekraftig utvikling, der bevaring av natur og auka verdiskaping i bygda står i fokus.

Reiselivet skal ikkje sjåast på som ein isolert næring, men som ein viktig bidragsytar til eit attraktivt lokalsamfunn, med besøkjande som passar bygdas identitet.

Voss herad skal vere ein føregangskommune i regionen

Våga å ta grep om klimautfordringa, og ta i bruk robuste, langsiktige løysingar som bidreg til redusert miljøbelastning både lokalt og i eit større perspektiv.



Berekraftig reisemålsutvikling

Dette er eit toårig prosjekt kor me jobbar systematisk med å snu rattet i ei berekraftig retning, gjennom merkeordninga Merket berekraftig reisemål, utvikla av Innovasjon Norge.

Berekraftomgrepet omfattar **sosial, økonomisk- og miljømessig berekraft**, og dei tre grunnpilarane må handsamast i samanheng med kvarandre.

Les meir om berekraftig reisemålsutvikling her

Forankring, oppfølging og rapportering

Med utgangspunkt i [dei ti prinsippa for eit berekraftig](#) reiseliv er tiltaka i handlingsplanen utarbeidd gjennom ein omfattande innspelsfase utført vinter/vår 2019. I tillegg til innspel frå reiselivsnæringa, Voss kommune og andre aktørar knytt til reiselivsnæringa, byggjer handlingsplanen på [Standard for berekraftig reisemål](#) (Innovasjon Norge).



Følg prosjektet på facebook

Destinasjon Voss vil i prosjektperioden gje ei halvårleg orientering om status på handlingsplanen for medlemsbedriftene på ulike medlemsarrangement.

Merkeordninga krev remerking kvart tredje år, og dermed kontinuerleg forbetring innanfor sosial, økonomisk og miljømessig berekraft.

Destinasjon Voss har det overordna ansvaret for oppfølging av merkeordninga.

Prosjektorganisering

Destinasjon Voss har det overordna ansvaret for oppfølging av merkeordninga. Prosjektansvarleg er dagleg leiar i Destinasjon Voss Mona Haugland Hellesnes. Benedicte Watvedt Skaug er tilsett som prosjektleiar og er ansvarleg for gjennomføringa av prosjektet i prosjektperioden fram til 28.02.2021, med bistand frå Innovasjon Norge.

Der det er naturleg vil det i hovudprosjektet opprettast eigne delprosjekt og/ eller arbeidsgrupper for dei ulike tiltaka i handlingsplanen.

I tillegg til nye og planlagde tiltak inneheld handlingsplanen igangsette tiltak og eksisterande prosjekt innanfor reiselivet, som kan vere relevante for ei berekraftig utvikling.

Prosjektet er vedteke av prosjektet si styringsgruppe og styret i Destinasjon Voss. Voss kommune har vedteke å vera ein aktiv bidragsytar.

Ved prosjektslutt 28.02.2021 vil Destinasjon Voss saman med styringsgruppa revidere handlingsplanen basert på erfaringar i prosjektperioden, og gjere eventuelle endringar og prioriteringar for vidareføringa av arbeidet.

Styringsgruppa består av eit breitt samansett utval med representantar frå kommune, reiselivsnæringa og andre organisasjonar i Voss herad.



Fem hovudområder

Handlingsplanen er strukturert kring fem hovudområde som gjennom innspelsfasen er identifisert som viktige for ei berekraftig reiselivsutvikling i Voss herad. Kwart område er beskrive med utfordringar og bakgrunn for området, og inneheld ulike delmål. Me skal jobba med:

Lokal verdiskaping
- heile året

Transportløysingar
for framtida

Høg avkastning
- låg miljøpåverknad

Auka
kompetanse

Ressurseffektivitet
og miljøansvar

1: Lokal verdiskaping - heile året

Voss er ei bygd full av skaparglede med eit heilnorsk særpreg. Anerkjende lokale råvarer av høg kvalitet, flotte natur- og kulturopplevingar for store og små, og eit levande sentrum gjev eit godt grunnlag for utvikling av eit heilårleg reiseliv i framtida.

- Fokus på betre tilrettelegging og synleggjering av det lokale tilbodet for turistar, hyttefolket og innbyggjarar,
- Utvikling av reiselivet i lågsesong vil bidra til økonomisk berekraft for bedriftene og meir stabile arbeidsplassar i næringa.
- Tilboda må utviklast med føresetnad om lågast mogeleg miljøutslepp.

Utvikling
av reiselivet i
lågssesong

Delmål:

1. Utvikle og synleggjere produksjon og sal av lokalprodusert mat og drikke og andre produkt, til glede for turistar, hyttefolket og innbyggjarar.
2. Konseptutvikling i lågsesong, skuldersesong og vekedagar.
3. Utvikle attraktive tilbod for den kortreiste bedriftsmarknaden, og jobbe for samarbeid i næringa om grøn konseptutvikling og marknadsføring innan kurs/konferanse.
4. Vurdere å utvikle Vossakortet, ei rabattordning som koplar saman aktivitetar, attraksjonar, kultur- og opplevingstilbod og eventuelt restaurantar med gratis transport.
5. Identifisere og jobbe for å bevare kulturelle særtrekk (kulturlandskap, byggeskikk, kulturarv) som kan vere ein ressurs for reiselivet.

2: Transportløyningar for framtida

Voss er for mange reisande eit trafikknutepunkt. Mange aktivitetar, natur- og kulturattraksjonar og hyttefelt er spreidd over større avstandar. Lokaltransport på Voss for dei tilreisande er identifisert som ei stor utfordring, og har vore jobba med i fleire omgangar.

For å redusere fotavtrykket frå transport og betre synleggjere turistattraksjonar utanfor sentrum, må det gjerast enklare for tilreisande å nytte seg av kollektivtransport og andre miljøvennlege transportmiddel til/frå og på reisemålet. Å ta toget skal vere ein attraktiv transportmetode til og frå Voss, både for turistar og hyttefolket.

Toget skal vera ein attraktiv transportmetode, for turistar og hyttefolk

Delmål:

1. Eit kollektivtilbod som tek turistar og hyttefolk til opplevingar utanfor sentrum, med omsyn til miljøet – og miljøvennlege alternativ skal føretrekkast.
2. Vere ein aktiv bidragsytar for utvikling av Bergensbanen.
3. Jobbe aktivt med prosjektet Reis som dei lokale, der ein utviklar turforslag for turistar ved å ta i bruk ledig kapasitet på eksisterande kollektivtransportruter.
4. Jobbe for gode felles løysingar for kollektivtransport under festivalar og større arrangement.
5. Utvikle og vidareutvikle eit godt sykkeltilbod for tilreisande og dei lokale i Voss herad.



Lågare
totale utslepp

3: Høg avkastning - låg miljøpåverknad

For mange tilreisande er Voss ein del av fjord-Norge, for andre ein del av Vestlandet eller ei større rundreise i Norge. Nokre av utfordringane ligg difor utanfor vår eiga kommunegrense, spesielt knytt til transportutslepp til og frå sjølve destinasjonen.

Reiselivsnæringa i Norge har utarbeida eit vegkart for framtidens reiselivsnæring, som peiker på at transporten til og frå reisemålet skal vere mest mogeleg klima- og miljøvennleg, og at lokalt reiseliv skal retta si marknadsføring mot utvalde målgrupper med låge utslepp.

Me skal jobba strategisk og langsiktig, på lokalt og regionalt nivå med problemstillinga høg avkastning - låg miljøpåverknad. Framtidens inntektsgrunnlag for reiselivsnæringa i Voss herad skal byggje på lønsemd innanfor naturens tolegrense, og reisa til og frå Voss må òg inkluderast i eit heilskapleg berekraftperspektiv.

Delmål:

1. Vere ein pådrivar for å skape betre regionalt samarbeid og delta aktivt i eksisterande samarbeidsprosjekt, med fokus på lågare totale utslepp og høg verdiskaping i reiselivsnæringa.
2. Kartleggje kva type turistar som har låge utslepp og bidrar til høg lokal verdiskaping i Voss herad, og utvikle felles retningslinje for marknadsføring mot desse.
3. Jobbe med reiselyst og konsept retta mot vestlendingar og vossingar for auka fokus på kortreiste opplevingar. Fokuserer og på ungdomskule- og vidaregåande elevar, slik at dei kjenner godt til kva Voss herad har å tilby innan berekraftig reiseliv.
4. Involvere lokalbefolkninga i kva type reiselivsutvikling Voss bør satse på, mellom anna gjennom innbyggjarundersøking.

4: Auka kompetanse

Ein føresetnad for ei langsiktig, grøn reiselivsutvikling i Voss herad er auka kunnskap om omgrepet berekraft, og betre kompetanse på korleis etterleve berekraftprinsippa i praksis - både blant næringa og turistar.

Auka kompetanse vil gjere det enklare å ta berekraftige val i dag og i framtida.

Eit berekraftig
reiseliv -den
etablerte
sanninga

Delmål:

1. Utvikle eit opplæringsprogram for reiselivsnæringa i Voss herad, med fokus på mellom anna;

- Berekraft i praksis
- Samfunnsansvar
- Eit godt vertskap
- Lokal mat
- Auka kunnskap om det lokale reiselivet i Voss herad, spesielt retta mot sesongarbeidarar.

Opplæringsprogrammet skal og leggje til rette for verdiskapande samarbeid og betre samhald i næringa.

2. Auke talet på miljøsertifiserte reiselivsbedrifter på Voss, og synleggjere gode miljøtiltak.

3. Kartleggje behov for betre tilrettelegging for syns- og rørslehemma turistar, med utgangspunkt i universell utforming.

Ressurseffektivitet og miljøansvar

Eit reint miljø og bevaring av sårbar og urørt natur er ein føresetnad for eit naturbasert reiseliv – og til glede for turistar og lokalbefolkninga. Utviklinga av nye løysingar for meir berekraftige forbruksmønster skjer i eit raskt tempo og reiselivsnæringa på Voss skal ta del i denne utviklinga.

Me skal vera ein ansvarleg og nyskapande destinasjon

1. Voss - den grøne festivalbygda;

Miljøvennlege felles løysingar innan m.a. avfallshandtering, innkjøp, sponsoravtale, mat og transport, og tiltak innan sosial berekraft, slik at festivalane og arrangementa kan dra betre nytte av kvarandre.

2. Sikre god besøksforvaltning gjennom;

- Miljøvennleg avfallshandtering og tilstrekkeleg toalettfasilitetar i sentrum.
- Informere turistar om kollektivtransport til og frå aktivitetar og attraksjonar.
- Tilrettelegge og vedlikehalde turstiar gjennom medverknad og oppfølging av arbeidet med Voss sin sti- og løypeplan, samt andre prosjekt for tilrettelegging og styring av trafikk.

3. Jobbe for auka sorteringsgrad blant hyttefolket.

4. Jobbe for redusert matsvinn og meir klimavennleg mat hjå serveringsverksemdar og overnattingverksemdar.

5. Ta aktivt del i arbeidet med løysingar for fellesgodefinansiering i regionen.

6. Jobbe for å ta vare på urørt natur og biologisk mangfald ved å:

- Motivere bygda til å ta vare på insekta, mellom anna gjennom restaurering av natureng og auka kantvegetasjon.
- Ta ei aktiv rolle mot utbygging av vindkraft, vasskraft, vegprosjekt og annan utbygging i urørt og sårbar natur.
- Vere ein pådrivar for alternative løysingar innan fornybar energi og energieffektivisering.

7. Oppmuntre og gje informasjon til reiselivsnæringa om ulike lokale, og regionale støtteordningar og refusjonsordningar for miljøtiltak, og vurdere etablering av årleg premiering for beste miljøtiltak.

8. Lage eit profilprogram som mellom anna oppfordrar turistar til skånsam bruk av naturen, og gje informasjon om lokale, berekraftige tilbod.

